

Åpenhetsloven: Vurdering av aktsemd i Bingsa Gjenvinning-konsernet for 2022

Vurdering av aktsemd knytt til openheit og arbeidet med grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold.

Åpenhetsloven gjeld alle større verksemdar i Noreg. Formålet med loven er å fremje respekt for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i samband med produksjon av varer og levering av tenester, samt å sikre ålmenta tilgang til informasjon om korleis verksemdene handterer desse spørsmåla.

Lovgrunnlag for denne vurderinga:

§ 4. *Plikt til å utføre aktsomhetsvurderingar*

Virksomhetene skal utføre aktsomhetsvurderingar i tråd med OECDs retningslinjer for flernasjonale selskaper. Med aktsomhetsvurderingar menes å

- a) forankre ansvarlighet i virksomhetens retningslinjer
- b) kartlegge og vurdere faktiske og potensielle negative konsekvenser for grunnleggjande menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold som virksomheten enten har forårsaket eller bidratt til, eller som er direkte knyttet til virksomhetens forretningsvirksomhet, produkter eller tenester gjennom leverandørkjeder eller forretningspartnere
- c) iverksette egnede tiltak for å stanse, forebygge eller begrense negative konsekvenser basert på virksomhetens prioriteringar og vurderingar etter bokstav b
- d) følge med på gjennomføring og resultat av tiltak etter bokstav c
- e) kommunisere med berørte interessenter og rettighetshavere om hvordan negative konsekvenser er håndtert etter bokstav c og d
- f) sørge for eller samarbeide om gjenoppretting og erstatning der dette er påkrevd.

Aktsomhetsvurderingene skal utføres regelmessig og stå i forhold til virksomhetens størrelse, virksomhetens art, konteksten virksomheten finner sted innenfor, og alvorlighetsgraden av og sannsynligheten for negative konsekvenser for grunnleggjande menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold.

Departementet kan gi forskrift om plikten til å utføre aktsomhetsvurderingar.

§ 5. Plikt til å redegjør for aktsomhetsvurderinger

Virksomhetene skal offentliggjøre en redegjørelse for aktsomhetsvurderingene etter § 4.

Redegjørelsen skal minst inneholde

- a) en generell beskrivelse av virksomhetens organisering, driftsområde, retningslinjer og rutiner for å håndtere faktiske og potensielle negative konsekvenser for grunnleggende menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold
- b) opplysninger om faktiske negative konsekvenser og vesentlig risiko for negative konsekvenser som virksomheten har avdekket gjennom sine aktsomhetsvurderinger
- c) opplysninger om tiltak som virksomheten har iverksatt eller planlegger å iverksette for å stanse faktiske negative konsekvenser eller begrense vesentlig risiko for negative konsekvenser, og resultatet eller forventede resultater av disse tiltakene.

§ 6 annet ledd bokstav c og d, tredje og fjerde ledd gjelder tilsvarende for pliktene etter første ledd.

Redegjørelsen skal gjøres lett tilgjengelig på virksomhetens nettsider, og kan inngå i redegjørelsen om samfunnsansvar etter regnskapsloven § 3-3 c. Virksomhetene skal i årsberetningen opplyse om hvor redegjørelsen er tilgjengelig.

Redegjørelsen skal oppdateres og offentliggjøres innen 30. juni hvert år og ellers ved vesentlige endringer i virksomhetens risikovurderinger. Den skal underskrives i tråd med reglene i regnskapsloven § 3-5.

Departementet kan gi forskrift om plikten til å redegjøre for aktsomhetsvurderinger.

§ 6. Rett til informasjon

Enhver har ved skriftlig forespørsel rett på informasjon fra en virksomhet om hvordan virksomheten håndterer faktiske og potensielle negative konsekvenser etter § 4. Dette omfatter både generell informasjon og informasjon knyttet til en særskilt vare eller tjeneste som virksomheten tilbyr.

Et krav om informasjon kan avslås dersom

- a) kravet ikke gir tilstrekkelig grunnlag for å identifisere hva kravet gjelder
- b) kravet er åpenbart urimelig
- c) den etterspurte informasjonen gjelder opplysninger om noens personlige forhold
- d) den etterspurte informasjonen gjelder opplysninger om tekniske innretninger og fremgangsmåter eller andre drifts- eller forretningsforhold som det vil være av konkurransemessig betydning å hemmeligholde av hensyn til den opplysningene angår.

Retten til informasjon om faktiske negative konsekvenser for grunnleggende menneskerettigheter som virksomheten er kjent med, gjelder uavhengig av begrensningene i annet ledd.

Retten til informasjon omfatter ikke informasjon som er gradert etter sikkerhetsloven eller beskyttet etter åndsverkloven.

Departementet kan gi forskrift om retten til informasjon og virksomhetenes adgang til å avslå et informasjonskrav.

§ 7. Virksomhetenes behandling av informasjonskrav

Informasjon etter § 6 skal gis skriftlig og være dekkende og forståelig.

Virksomheten skal gi informasjon innen rimelig tid og senest innen tre uker etter at informasjonskravet er mottatt. Dersom mengden eller typen informasjon som etterspørres, gjør det uforholdsmessig byrdefullt å besvare informasjonskravet innen tre uker, skal informasjonen gis innen to måneder etter at kravet er mottatt. Virksomheten skal da senest innen tre uker etter at informasjonskravet er mottatt, opplyse informasjonssøkeren skriftlig om forlengelsen av fristen, grunnene til forlengelsen, og når informasjonen kan ventes.

Dersom virksomheten avslår et informasjonskrav, skal den informere om det rettslige grunnlaget for avslaget, adgangen og fristen for å kreve nærmere begrunnelse for avslaget og om Forbrukertilsynet som tilsyns- og veiledningsorgan.

Den som får avslag på et informasjonskrav, kan innen tre uker fra avslaget ble mottatt, kreve å få en nærmere begrunnelse for avslaget. Begrunnelsen skal gis skriftlig, snarest mulig og senest innen tre uker etter at kravet om nærmere begrunnelse ble mottatt.

Departementet kan gi forskrift om virksomhetenes behandling av informasjonskrav.

Bingsa Gjenvinning ser på arbeidet med åpenhetsloven som ein naturleg del av arbeidet med berekraft. Vi erkjenner at vår verksemd kan ha negativ påverknad på grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Vi ønskjer å arbeide målretta, slik at vi kan forebygge, avgrense eller stoppe aktivitetar som bidrar til negative konsekvensar.

Plikt til å gjennomføre aktsemdsvurdering

Aktsemdsvurderinga i åpenhetsloven er utført i tråd med retningslinjene frå OECD for ansvarleg næringsliv. Prosessen er illustrert i figur 1.




Figur 1. OECD-retningslinjer for ansvarlig næringsliv.

Plikt til å gjere greie for aktsemdsvurderingane

For å oppfylle plikta i § 5 i åpenhetsloven, offentliggjør Bingsa Gjenvinning ei utgreiing av aktsemdsvurderinga som er gjennomført. Utgreiinga skal oppdaterast og offentliggjørast innan 30. juni kvart år eller ved vesentlege endringar i verksemdas risikovurderingar.

Oversikt over organisering og drift i Bingsa Gjenvinning-konsernet

Bingsa Gjenvinning-konsernet er eid av sju kommunar i Ålesundregionen . I 2022 behandla konsernet om lag 100 000 tonn avfall, sysselsette 84 årsverk og hadde ei omsetning på om lag 233 MNOK. Konsernet består av eit morselskap og to heileigde datterselskap:



Bingsa Gjenvinning AS er morselskapet. Administrasjon og eigedomsforvaltning er samla i morselskapet.

Bingsa Gjenvinning Næring AS er et kommersielt selskap som tilbyr ulike tenester innan avfall og slam til næringslivet i regionen.

ÅRIM AS handterer eigarkommunane sine lovpålagde oppgåver innan hushaldsavfall og slam for om lag 107 000 innbyggjarar. Selskapet handterer også avfall fra verksemdene til eigarkommunane.

Generalforsamlinga er det høgaste organet i Bingsa Gjenvinning AS. Selskapet har eit profesjonelt styre bestående av sju medlemmar, i tillegg til to tilsettrepresentantar. Leiargruppa består av fem avdelingsleiarar i tillegg til dagleg leiar. Det øvste ansvaret for at krava i åpenhetsloven blir fylgt ligg hos styret og i leiargruppa. Miljørådgivar i verksemda organisera arbeidet omkring lova. Innkjøpsansvarleg, samt personell som står for innkjøp av varer og tenester i verksemda har også viktige roller.

Føremålet med Bingsa Gjenvinning AS er definert slik:

Selskapets formål er å eie og forvalte selskaper som skal drive innsamling, transport og behandling av hushaldsavfall, næringsavfall og slam, og for øvrig ta på seg alle oppgaver som naturlig hører sammen med dette.

Eierkommunenes visjon er at selskapet blir et fremtidsrettet miljøelskap som skal være en førende aktør og rollemodell i avfalls- og gjenvinningsbransjen. Selskapet skal sikre optimal forvaltning av den samlede verdikjeden og de mulighetene som ligger i avfall som en ressurs.

De overordnede målsetningene til konsernet er:

- Gode og effektive tjenester til innbyggerne til en akseptabel pris. Det skal legges vekt på lavest mulig gebyr gjennom god kostnadskontroll.
- Lokal verdiskaping som sikrer avkastning på investerte verdier.
- Reduksjon av klimautslipp og økt gjenvinnings- og gjenbruksgrad.

Aktivitetane i konsernet er fordelt på ni forretningsområde:

1) Innsamling av avfall

Selskapet har ansvar for innsamling av hushaldsavfall frå over 107 000 innbyggjarar og om lag 5 000 fritidsbustader. I tillegg samlar selskapet inn avfall frå om lag 1 200 bedrifter og andre virksomheter. Innsamlinga blir utført med egne tilsette og eige materiell.

2) Innsamling og behandling av slam frå separate avløpsanlegg

Selskapet samlar inn slam frå om lag 11 000 separate avløpsanlegg knytt til heilårs- og fritidsbustader i regionen, i tillegg til om lag 400 separate avløpsanlegg knytt til verksemder. Det praktiske arbeidet med tømning av slammet blir utført av ein underleverandør.

3) Drift av miljøstasjonar (gjenvinningsstasjonar)

Selskapet har ansvar for drift av ni miljøstasjonar, dette er en viktig del av det lovpålagte avfallstilbudet i regionen. På miljøstasjonane skal innbyggjarar og verksemder sjølv sortere avfallet når dei leverer dette.

4) Mottak og sortering av farleg avfall

Farleg avfall frå innbyggjarar og verksemder blir mottatt, sortert, behandla, pakka og sendt vidare til underleverandørar.

5) Mottak og sortering av papir- og plastavfall

Innsamla og innlevert papir- og plastavfall blir sortert, pressa og sendt til gjenvinning hos underleverandørar.

6) Mottak og behandling av hageavfall

Hageavfall blir mottatt, kverna og kompostert. Noko av hageavfallet blir handtert av underleverandørar.

7) Avfallssortering

Hovudaktiviteten i avfallssorteringa er å produsere brensel til Tafjord Kraftvarme sitt energiutnyttingsanlegg i Ålesund. Som ein del av dette blir enkelte andre avfallstyper sortert ut og sendt til gjenvinning hos andre underleverandørar.

8) Metallfabrikken

I metallfabrikken blir botnaske, først og fremst frå Tafjord Kraftvarme, prosessert. I prosessen blir metall og metallholdige partiklar utsortert og sendt vidare til materialgjenvinning. Restproduktet blei i 2022 levert vidare til deponiet.

9) Deponi

Deponiet tar imot ulike typer avfall som ikkje kan gjenbrukast, materialgjenvinnast eller energiutnyttast.

Retningslinjer og rutiner for handtering av potensielle og faktiske negative konsekvensar for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold

Vesentlege risikoområder i eiga verksemd, og tiltak for å avgrense risiko

Det er ikkje avdekkja faktiske negative konsekvensar eller vesentleg risiko for negative konsekvensar opp mot grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i eiga verksemd.

Bingsa Gjenvinning har all sin aktivitet i Noreg, og følgeleg omfatta av eit strengt regelverk for styring og drift. I tillegg til åpenhetsloven gjeld norsk regelverk for helse, miljø og tryggleik. Konsernet har tariffavtale og er organisert i Samfunnsbedriftene. Verksemda har knytt til seg bedriftshelseteneste og det er etablert eit elektronisk styringssystem der dei tilsette kan varsle og følge opp hendingar eller forhold som blir meldt inn. Det er også utarbeidd særskilde retningslinjer for varsling. Status på likestilling blir kartlagt og rapportert etter likestillings- og diskrimineringsloven.

Deler av verksemda er sertifisert som Miljøfyrtårn i dag, det pågår arbeid med å miljøsertifisere resten av verksemda.

Bingsa Gjenvinning er i gang med å gjennomgå og eventuelt opprette nye retningslinjer som er i tråd med åpenhetsloven og OECD sine retningslinjer. Retningslinjene skal omfatte hele verksemda, leverandørkjeda og alle forretningspartnarar, og minimum omfatte korleis Bingsa Gjenvinning skal opptre ansvarleg, samt forventningar til ansvarlegheit hos leverandørar og forretningspartnarar, og korleis aktsemdvurderinga skal gjennomførast. Nytilsette får utlevert etiske og sosiale retningslinjer som dei må lese og signere før oppstart i arbeid.

Bingsa Gjenvinning er også underlagt anskaffelsesloven. Anskaffelsesloven krev at oppdragsgivar skal ha eigna rutinar som fremjar respekt for grunnleggjande menneskerettar. Oppdragsgivar pliktar i tillegg å stille eigna krav slik at kontraktar gjennomførast på ein måte som mellom anna fremmar arbeidsforhold og sosiale forhold. Ved inngåing av nye kontraktar må leverandør signere på etiske og sosiale kontraktskrav dersom etiske og sosiale kontraktskrav ikkje allereie er ein del av avtalen.

Opplysningar om potensielle negative konsekvensar som verksemda har avdekkja gjennom aktsemdvurderinga hos leverandør og forretningspartnarar

Bingsa Gjenvinning respekterer grunnleggjande menneskerettar. Som eit ledd for å sikre anstendige arbeidsforhold, både i eiga verksemd og for leverandørar og forretningspartnarar, gjennomfører selskapet risikobasert aktsemdvurdering.

Det er så langt ikkje avdekkja faktiske negative konsekvensar hos leverandørar og forretningspartnarar, men selskapet ønskjer å gjere greie for dei funna som er gjort:

Vesentlege risikoområde i leverandørkjeda og hos forretningspartnarar, og tiltak for å avgrense risiko

Bingsa Gjenvinning har utført risikovurdering av leverandørar og forretningspartnarar. I første omgang er leverandørar med eit årleg kjøpsomfang over nasjonal terskelverdi på 1,4 MNOK pr. år vurdert. I 2022 utgjorde dette 27 leverandørar på konsernnivå. Éin leverandør for arbeidstøy og verneutstyr og tre leverandørar for reinhald blei også inkludert i risikovurderinga, ut frå ei vurdering av ibuande bransjerisiko.

Det er knytt låg, middels eller høg risiko til leverandørane, jf. tabell 1. Risikovurderinga er basert på kva bransje leverandøren høyrer til i, kvar leverandøren er lokalisert i eller har produksjon i, kva type produkt avtalen gjeld, og eventuelle risikoar knytt til bestemte verksemdar.

Tabell 1. Låg, middels og høg risiko for risikovurderte leverandørar, samt planlagde tiltak.

Risiko	Leverandørar	Planlagde tiltak
Låg	17 stk.	Ingen handling
Middels	8 stk.	Spørjeskjema
Høg	5 stk.	Spørjeskjema, samt ytterlegare undersøkingar (dialog og innhenting av dokumentasjon)

Spørjeskjema vil bli ferdigstilt og sendt ut etter sommaren. For leverandørar med høg risiko vil dialog og dokumentasjon bli utført basert på resultat frå spørjeskjema og øvrige vurderingar.

Dersom det blir oppdaga vesentleg risiko for brot på grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold vil Bingsa Gjenvinning setja i verk tiltak for å hindre at skaden skjer.

Dersom det blir oppdaga faktiske brot på grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold vil verksemda setja i gong tiltak som for å avgrense skadeomfanget som følgje av brotet, og ved dei mest alvorlege brota, stoppe aktiviteten som bidrar til negative konsekvensar.

Plikt om informasjon





















Bingsa Gjenvinning vil svare ut alle skriftlege forespurnader om korleis verksemda handterer faktiske og potensielle negative konsekvensar. Informasjonen som konsernet gir skal vere skrifteleg, dekkande og forståeleg, og han skal sendast seinast tre veker etter at kravet om informasjon er motteke.

For spørsmål om denne utgreiinga og om Bingsa Gjenvinning sitt arbeid knytt til grunnleggjande menneskerettar og anstendige forhold, send ein epost til post@arim.no.

Addo Sign identifikasjonsnummer: 2c28cb19-d601-45a4-b04a-6d14d69b451d

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokumentet er signert med Addo Sign sin sikre digitale signatur. Underskriverens identitet er fysisk registrert i det elektroniske PDF-dokumentet og er vist nedenfor.

Underskrivere

  Øystein Peder Solevåg Dagleg leiar 27.06.2023 16.51	  Kenneth Langvatn 27.06.2023 16.54
  Inger Marie Sperre 27.06.2023 17.03	  Hans Endre Sæterøy Styremedlem 27.06.2023 17.13
  Tor Husø 27.06.2023 18.51	  Ivan Malechkov Styremedlem 28.06.2023 06.37
  Natalie Østrem 28.06.2023 08.28	  Marianne Nære Styremedlem 28.06.2023 08.43
  Liv Stette Styreleder 28.06.2023 12.39	  Levi Lervik Styremedlem 28.06.2023 15.05



Dokumentet er digitalt signert med Addo Sign sikker signeringstjeneste. Signaturbeviset i dokumentet er sikret og validert ved å bruke den matematiske hash-verdien til originaldokumentet.

Dokumentet er låst for endringer og tidsstempelt med et sertifikat fra en klart tredjepart. Alle kryptografiske signeringsbevis er innebygd i PDF-dokumentet i tilfelle de skal brukes til validering i fremtiden.

Hvordan verifisere ektheten til dokumentet

Dokumentet er beskyttet med et Adobe CDS-sertifikat. Når dokumentet åpnes i Adobe Reader, vil det se ut til å være signert med Addo Sign signeringstjeneste.

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokumentet er signert med Addo Sign sin sikre digitale signatur. Underskriverens identitet er fysisk registrert i det elektroniske PDF-dokumentet og er vist nedenfor.

Dokumenter i transaksjonen

Åpenhetsloven Vurdering av aktsemd i Bingsa Gjenvinning-konsernet for 2022.pdf

Dette dokumentet



Dokumentet er digitalt signert med Addo Sign sikker signeringstjeneste. Signaturbeviset i dokumentet er sikret og validert ved å bruke den matematiske hash-verdien til originaldokumentet.

Dokumentet er låst for endringer og tidsstemplet med et sertifikat fra en klarert tredjepart. Alle kryptografiske signeringsbevis er innebygd i PDF-dokumentet i tilfelle de skal brukes til validering i fremtiden.

Hvordan verifisere ektheten til dokumentet

Dokumentet er beskyttet med et Adobe CDS-sertifikat. Når dokumentet åpnes i Adobe Reader, vil det se ut til å være signert med Addo Sign signeringstjeneste.